

PRESSEMELDING

25. august 2020

Rødne Ambulanse teiknar kontrakt med Brødrene Aa om levering av ambulansekatamaran til Ryfylkebassenget

Rødne Ambulanse, ein del av L. Rødne og Sønner AS, har inngått kontrakt med Brødrene Aa om bygging av ein ny 22 meter lang ambulansekatamaran. Rødne Ambulanse AS blei tidlegare i år tildelt kontrakt for ambulansébåt drift til øyane Ryfylkebassenget nord for Stavanger for perioden mai 2021 til mai 2027. Båten skal setjast inn i drifta av dette anbudet.

Rødne Ambulanse har stått for ambulansedrifta i dette området i mange år. I dag blir tenesta utført av Rygerdoktoren som blei levert av Brødrene Aa i 2002. Rygerdoktoren var ved levering verdas fyrste kommersielle karbonfiberbåt, og den markerte samstundes eit tidsskilje for Brødrene Aa som verft med introduksjonen av karbonfiber som byggemateriale. Snart 20 år seinare vert den nye ambulansébåten Rødne sin båt nummer 21 frå Brødrene Aa, deira tolvte i karbonfiber.

- Vi er naturlegvis svært glade for at vi har fått denne kontrakten med Rødne, seier Tor Øyvin Aa, dagleg leiar i Brødrene Aa. – Rødne syner seg igjen som den viktige kunden dei er for oss, og som den gode samarbeidspartnaren dei har vore over mange tiår. Det at vi kan levere fartøy til alle båtsegment som Rødne driv tenester innanfor, både rutetransport, sightseeing og ambulansetenester stadfester dette.

Den nye ambulansébåten gjev ei vesentleg forbetring av ambulansetilbodet i Ryfylket. Med ein toppfart på 35 knop vil båten kunne respondere raskt på kritiske oppdrag og dekke store avstandar på kort tid. Katamarandesignet gjev ein stabil og stødig båt med plass til eit romsleg ambulanserom utstyrt med moderne medisinsk utstyr. Det er også lagt stor vekt på å designe båten med gode tekniske løysingar som skal bidra til effektiv og rask handtering av pasientar, noko som er viktig når liv og helse står på spel.

- For Rødne er det kjekt å sjå at 50 år med samarbeid med Brødrene Aa igjen kan bære frukt og resultere i ytterlegare nyvinningar, seier Lars André Rødne, dagleg leiar i Rødne Ambulanse. - Det at det i tillegg er beredskapen i vårt nærmiljø som får ny båt tilfører ein ekstra dimensjon for oss.

Bygging av båten tek til om kort tid og den skal vere klar for levering til oppstart av drifta i mai neste år.

Kontaktpersonar:

Brødrene Aa AS: Dagleg leiar Tor Øyvin Aa, mobil: +47 950 57 187

Rødne Ambulanse: Dagleg leiar Lars André Rødne, mobil +47 982 41 501

Fakta om fartøyet

Moderne katamaran, romsleg ambulanserom med det siste av utstyr. Effektive løysingar.

Verft:	Brødrene Aa i Hyen
Material:	Karbonfiber sandwich
Lengde:	21,9 meter
Breidde:	7,2 meter
Hovudmotor:	Volvo Penta D13 – 735 kW
Reduksjonsgir:	ZF 500
Framdrift vannjet:	Hamilton HM461
Fart:	Toppfart 35 knop, marsjfart 28 knop.



Om Brødrene Aa:

Brødrene Aa AS er eit norsk hurtigbåtverft med hovudkontor i Hyen i Sogn og Fjordane, i tillegg til aktivitet i Bergen, Eikefjord, Sandane og Guangzhou, Kina. Brødrene Aa leverte sin fyrste båt i karbonfiber i 2002. Teknologi og byggjeteknikk har gjennom åra blitt kontinuerleg vidareutvikla og Brødrene Aa er i dag verdslieande innan konstruksjon og produksjon av båtar bygd i karbonfiber. Selskapet har levert eit stort utval fartøy både for den innanlandske og internasjonale marknaden. Brødrene Aa AS er eigd av Brødrene Aa Eiendom og CKS Investment Norway.
www.braa.no

Om Rødne:

Rødne er eit av dei største hurtigbåtverftar i Norge, med 15 båtar. Selskapet ble starta i 1956 for å drive skuleskyss og transport mellom og ut frå øyane i lokalsamfunnet Sjernarøyane der hovedkontoret ligg. Rødne driv i dag ambulanserbåtar, rutetrafikk, charter og turistverksemd ut frå Stavanger og Bergen. Selskapet har 125 tilsette med hovudkontor på Kyrkjøy i Sjernarøyane i Stavanger kommune.
www.rodne.no